

Barne-, likestillings og inkluderingsdepartementet

Høring – endring av forskrift om samvær med tilsyn etter barnelova

Stine Sofies Stiftelse er ein prosjektorganisasjon med hovudfokus på å avdekke og førebygge vald og seksuelle overgrep mot barn, samt ivareta den fornærma og den sine pårørande og etterlatne.

Stiftelsen stilte seg positiv til inndelinga av tilsyn i "*beskytta tilsyn*" og "*støtta tilsyn*" da dette var på høring i fjor. I forhold til kven som skal vere ansvarleg for dei ulike formene for tilsyn, har Stiftelsen ingen sterke meininger om, men det framstår som føremålsteneleg at barnevernet er ansvarleg for "*beskytta tilsyn*".

Stiftelsen er positiv til at dei aktuelle lovendingane i sin heilskap vil bidra til å senke terskelen for å nekte samvær heilt. Dette i hovudsak der det er tale om vold, rus og psykiske lidingar, og kor samvær ikkje vil vere til barnet sitt beste.

Det understrekast at støtta tilsyn vil vere aktuelt blant anna i saker kor dei føresette har problem med å samarbeide. I mange av dei sakene Stiftelsen kjenner til, har dei føresette vanskar med å samarbeide fordi det er mistanke eller påstand om vald eller seksuelle overgrep. Valet mellom støtta tilsyn og beskytta tilsyn der det er påstand om vold, må baserast på det som er til det beste for barnet. Er ein i tvil, må tvilen kome barnet til gode, slik at det vert beskytta samvær der samvær, til tross for den tidlegare valden, er til det beste for barnet. For å vurdere dette, må barnets reaksjonar knytte til den voldsutøvande forelderen nøye undersøkast. Er det reaksjonar som viser traumatisering av barnet, må samvær nektast.

Stiftelsen er nøgd med at avgjersla om tilsyn skal grunnjevast, og at barnets behov og synspunkt skal gjerast greie for. Stiftelsen er også positiv til at det ikkje vert lagt opp til vanleg samvær ved utløp av tilsynet, da situasjonen framleis kan tilseie at tilsyn bør halde fram eller samvær bør stogkast heilt. Mange som Stiftelsen er i kontakt med reagerer og er urolege for at samværet automatisk skal trappast opp når perioden med tilsyn er over, til tross for at barnet framleis er utrygg eller har reaksjonar i etterkant av samvær.

Barnevern og eventuelt familievernkontor bør vere aktive for å få til ei god løysing slik at barn slepp fleire rundar i rettssystemet. I saker om vold og overgrep bør barnevern og familiekontor likevel vere varsam med å oppfordre til ei samværsordning som kan sette barnet i fare for overgrep eller retraumatisering.

Stiftelsen er glade for presiseringa i § 4 om at samvær med beskytta tilsyn ikkje skal fastsettast der det er fare for vald eller traumatisering av barnet.

Stiftelsen trur også det er viktig at det ikkje automatisk vert opprette undersøkingssak sjølv om barnevernet har ansvar for tilsyn. For nokon vil det vere skremmande og ei tilleggsbelastning å bli registrert hos barnevernet. Det er ikkje sjølvstyk at barnevernet allereie er involvert i saka, sjølv om dette ofte kan vere tilfelle i familiar med høgt konfliktnivå.

Vidare støttar Stiftelsen at det skal krevjast politiattest for offentleg oppnemnde tilsynspersonar. Barn som lev under en situasjon som tilseie tilsyn, er allereie sårbare og derfor avhengig av ein tilsynsperson som ikkje utgjer ein risiko for barnets tryggleik.

Stiftelsen kjenner til tilfeller kor barnet, til tross for mistanke om overgrep og tilsynsperson tilstade, har vore aleine med omsorgspersonen i samband med toalettbesøk ol. Det er svært viktig at ein forelder ved beskytta tilsyn ikkje har høve til å vere aleine med barnet.

Det er i utkastet til forskrifta presisert pliktane til tilsynspersonen. Stiftelsen er glad for at den uttrykkelig slår fast at ein tilsynsperson har ei plikt til å stanse samvær dersom det inntreff særlege alvorlege hendingar. For somme foreldre vil det vere ei belastning å stanse samværet til tross for bekymring, da dette kan brukast mot ein forelder i ein ny rettsrunde. Også presiseringa i fjerde ledd, om at tilsynsførar i sin rapport skal gi melding om at samvær er uforsvarlig og grunnngje dette, vil vere ei overføring av byrden frå forelder til tilsynsførar. Mange av dei Stiftelsen er i kontakt med opplev at barnet har sterke reaksjonar i samband med samvær og ofte vegrar seg mot samværet. Foreldre har plikt til å verne barna sine, og dette kan bli enklare dersom tilsynspersonen også melder frå om bekymringar knytta til gjennomføringa av samværet.

Med vennleg helsing

Stine Sofies Stiftelse